



Velkommen som

KONFIRMANT

i Dalsfjord kyrkjelyd



2022

2022

Velkomen!

Konfirmasjonstida i kyrkja gir deg høve til å...

... finne ut kva du trur

... lære meir om deg sjølv

... lære meir om Bibelen

... snakke om kristen tru

... bli kjent med kyrkja

... få nye tankar om livet


... engasjere deg i kyrkja sitt arbeid for miljø og solidaritet

... få nye vennar

... og mykje meir!



Bli med på ei spennande reise fram til konfirmasjonsdagen!



KVA ER KONFIRMASJON?

I Den norske kyrkja er konfirmasjon ei forbønshandling. “Konfirmere” tyder å stadfeste eller styrke: Gud stadfestar det Han har lova i dåpen.

Konfirmasjonsdagen er høgtideleg og fin. Alle konfirmantane kjem fram og kneler ved altarringen. Presten eller kateketen ber for deg.

**Kristen
konfirmasjon
er for alle.**

EI KONFIRMANTTID FOR ALLE

Alle som er fødd i 2007 eller byrjar i 9. klasse hausten 2021 kan vere konfirmant i 2021-2022.

For å vere med på leir, undervisning osv., treng du ikkje å vere døypt eller medlem i Den norske kyrkja. Dåpen er likevel ei føresetnad for å kunne ta del i forbønshandlinga i konfirmasjonsgudstenesta. Ønskjer du dåp i løpet av året, gjer vi det ein gong på våren.

Er du usikker på om du vil vere konfirmant i kyrkja kan du gjerne ta ein prat med kateketen eller ein av prestane. Dei kan fortelje meir om kva dette går ut på og kanskje hjelpe deg å tenke vidare.



Alle har alle rett til ei god konfirmanttid - uansett funksjonsevne. Har konfirmanten behov for individuell tilrettelegging, ber vi om at føresette tek kontakt med oss så fort som råd.



2022

KVA SKJER I KONFIRMANTTIDA?

Du kjem til å få ei opplevingsrik tid fram til konfirmasjonsdagen i september 2022! Konfirmandtkurset tek omsyn til ein travel kvardag med skule og mange fritidsaktivitetar. Difor er det meste av undervisninga samla på konfirmandtleiren i sommarferien 2022. Under kan du lese korleis kurset er sett saman. Koronapandemien har snudd kvardagen på hovudet for dei fleste av oss. Informasjonen i brosjyra beskriv kva vi har planlagt under vanlege forhold, utan korona e.l.. Vi må sjølvstilt tilpasse opplegget til gjeldande reglar og restriksjonar. Vi bed dykk likevel å sette av datoane de finn i denne brosjyra.

KICK OFF og samlingar

I november sparker vi konfirmandttida i gong med KICK OFF for ALLE konfirmandtar: ein (helge-)dag der vi tek oss tid til å verte kjend, ha det gøy, lære og feire fellesskapen.

Elles kjem vi til å samlast til undervisning ein gong til før jul og fire gongar i løpet av våren, om lag ein gong i månaden. Samlingane er som regel på ein torsdag kl. 14.30 til 17.00 i Dalsfjord kyrkje for alle som går på Dalsfjord skule. Vi startar alltid med ein liten matbit før vi tek for oss ulike tema. For å unngå ”kollisjonar” med andre fritidsaktivitetar kjem vi til å informere både idrettslag, organisasjonar og skulen om dette. Ver snill og gi beskjed i påmeldinga om kva fritidsaktivitetar du er med på.

*Med unntak av ”KICK OFF!” i november og Fasteaksjonen i april.

Aktivitetsgrupper

Det skjer mykje i kyrkja utanom konfirmandtarbeidet: Vi har mange kjekke arrangement for barn og ungdom, leirar, søndagsskule og mykje meir. Vi ønskjer at du vert kjend med noko av dette. I løpet av konfirmasjonstida vil difor alle konfirmandtar vere med på eit arrangement og hjelpe til med praktiske oppgåver. Meir informasjon om aktivitetar de kan velje imellom og korleis ein vel desse får du vite i informasjonsbrevet du vil motta i slutten av september.



Gudsteneste

Gudstenesta er

samlingspunktet for kyrkjelyden. Nokre finn stad på søndag føremiddag, nokre på kvelden, mange i kyrkja, nokre i friluft. Som konfirmant er du med på nokre av dei. I ei av gudstenestene vil du bli presentert for kyrkjelyden, saman med smågruppa di. I einskilde gudsteneste vil du og gruppa di få enkle oppgåver. Desse kjem vi til å øve på, slik at alle kjenner seg trygge.



For å vite kven eg er, må eg vite kvar kulturen eg lev i kjem frå.



Leir

Leiren er for dei fleste eit av høgdepunkta i konfirmanttida! Den går av stabelen mandag 15. til fredag 19. august 2022, på Kjeldsund ungdoms-senter, berre 40 minutt frå Volda. Du får oppleve masse, vere aktiv, kreativ, sove, padle, bade, synge, lære, feire gudsteneste, vere saman med gamle og nye vener +++! Vi har med oss mange leiarar som vil gjere sitt beste for dykk! Dette blir ei flott avslutning på konfirmanttida!



ANSVARLEG

Det er mange som er involverte i konfirmantarbeidet: trusopplæringsmedarbeidarane Wendi S. Stråbø, Erlend Koppen og Ingeborg Eikenæs, ungdoms- og diakoni-arbeidar Beate Skorpen, prestane Per Kristian Hovden Sætre, Johnny Drabløs og prestevikar Constanze Lindner. I tillegg vil nokre volontørar og mange andre engasjere seg på ulikt vis i løpet av konfirmanttida.

Det er enno ikkje klar kven som kjem til å ha hovudansvaret. Dette vil du få vite i brevet i haust.



BETALING

Konfirmantkurset vil koste om lag kr. 2500.

Betalinga inkluderer mat og materiale for samlingane og kostnader knytt til leiren.

Alle skal få kunne delta. Vi skal finne ei løysing om det skulle vere vanskeleg for nokon å betale.



PÅMELDING

Frå 7.juni kl 08 vil påmeldinga vere tilgjengeleg på nett: www.volda.kyrkja.no. Bed om at føresette og ungdomen fyller ut skjemaet i lag. Treng du hjelp med påmeldinga, kan du ta kontakt med Constanze Lindner.



Alle påmeldte vil få tilsendt eit brev med detaljert informasjon, semesterplan osv. medio september.



INFORMASJONSMØTE

Informasjonsmøtet for konfirmentar og føresette kjem vi til å halde torsdag 7. oktober 2021, kl 18 i Dalsfjord kyrkje.

Har de spørsmål eller kommentarar, ta gjerne kontakt med oss. Kontaktinformasjon finn du på baksida.



Fordi eg vil
ha det goy.



VIKTIGE TIDSPUNKT!

Merk av i kalenderen med ein gong (med atterhald for endring)!

- **INFORMASJONSMØTE FOR KONFIRMANTAR OG FØRESETTE**
torsdag 7.oktober 2021, kl 18 i Dalsfjord kyrkje
- **KICK OFF! AVSPARK AV KONFIRMANTÅRET**
laurdag 13. til søndag 14.november 2021, for ALLE konfirmentar.
Meir info om tidspunkt og stad kjem seinare. Sett av heile helga.
- **LYSMESSE**
søndag 5.desember 2021, kl. 16 i Dalsfjord kyrkje,
- **FASTEAKSJONEN**
Nasjonal innsamlingsaksjon for KIRKENS NØDHJELP
søndag 3.april 2022 - fellessamling i Volda,
for alle konfirmentar.
Etterpå innsamling i DITT nærområde. Sett av heile dagen.
- **KONFIRMANTLEIR** på Kjeldsund ungdomssenter
mandag 15. til fredag 19.august 2022, for alle konfirmentar
NB! Siste veka i sommarferien.
- **KONFIRMASJONEN**
søndag, 4.september 2022, kl. 11

21-

Ta gjerne kontakt med oss på Volda kyrkjekontor:

Volda kyrkjekontor

Postboks 17, 101 Volda

Epost: kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no

Tlf: 700 74 090

Kateket Constanze Lindner

(t.o.m. 22.august 2021)

E-post: constanze.lindner@volda.kyrkja.no

Tlf: 488 937 41

Sokneprest Johnny Leikvoll Drabløs

E-post: jl555@kyrkja.no

Tlf: 920 12 643

